

HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Nemnd for vilt, fiske og friluft.  
**Møtestad:** Landbruk Landbrukskontoret  
**Dato:** 17.01.2019  
**Tid:** 17:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

Fosnavåg, 10.01.2019

Sigurd V. Nygard  
leiar

## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/19	Protokoll frå førre møte
PS 3/19	GPS merking av hjort på Sunnmøre og Sunnfjord - "VESTHJORT"
PS 4/19	Forskrift om tidleg jaktstart på grågås
PS 5/19	Status for nye underskrift i Ytre Herøy Hjorteviltområde
PS 6/19	Ny avtale om ettersøkshund
PS 7/19	Møteplan for 2019



**PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 2/19 Protokoll frå førre møte**



Avdeling landbruk

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2018/590
		Arkiv:	K42

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
3/19	Nemnd for vilt, fiske og friluft.	17.01.2019

### GPS MERKING AV HJORT PÅ SUNNMØRE OG SUNNFJORD - "VESTHJORT"

#### Tilråding:

Under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert og gjennomført i samsvar med prosjektplanen, løyver Nemnd for vilt, fisk og friluft kr. 51.000,- over ein 5-års periode til hjortemerkeprosjektet «Vesthjort».

Løyvinga vert dekt av kommunalt viltfond.

Det er ein føresetnad for løyvinga at leiarane i hjortevalda støttar opp om prosjektet.

Særutskrift:  
Sakshandsamar

## Vedlegg

- 1 Prosjektbeskrivelse\_VestHjort\_2018\_viltfond
- 2 Referat frå møte november 2018

### **Samandrag av saka:**

Herøy kommune er invitert med i eit prosjekt med GPS merking av hjort på Sunnmøre og Sunnfjord i regi av Erling Meisingset i NIBIO. Det er 7 kommunar som er meldt på prosjektet per no og det skal gå over 5 år med oppstart i 2020. Administrasjonen rår til at Herøy kommune vert med og at det vert nytta midlar frå viltfondet til å finansiera. Før endeleg avgjerd om deltaking vert leiarane i hjortevalda beden om innspel.

### **Saksopplysningar:**

Herøy kommune har vorte invitert med i prosjektet etter at kommunane Volda, Ørsta, Vanylven, Selje, Eid, Gloppen og Hornindal gjekk saman om prosjektet «Vesthjort». Prosjektet er initiert av desse kommunane og det vil vere eit samarbeid mellom NIBIO, kommunane og fylkeskommunane i Møre og Romsdal og i Sogn og Fjordane. Prosjektansvarleg organisasjon og prosjektleiing er ved NIBIO Tingvoll ved forskar Erling Meisingset. Det vert etablert ei styringsgruppe med representantar frå alle kommunane. Styringsgruppa får eit overordna ansvar for prosjektet, og den skal sørge for finansiering og overordna prioritering. Etter planen skulle prosjektet starte opp i 2019, men av ulike årsaker vert starten i 2020.

Føremålet med prosjektet er å utvikle kunnskap om hjorten sin arealbruk på Søre Sunnmøre og Nordfjord. Denne kunnskapen vil danne eit godt grunnlag for ei målretta forvaltinga i regionen og for ei berekraftig utnytting av hjorten som ressurs. GPS merkinga er den sikrast måten og dokumentere hjorten sin arealbruk og vandring gjennom året.

Frå kommunane som har sagt ja til prosjektet er det eit ynskje om å få med kommunane Ulstein, Hareid, Herøy og Sande. Per no har Sande gitt tilbakemelding om at dei ikkje har anledning til å vere med. Saka vert drøfta i Hareid og Ulstein parallelt med Herøy.

Prosjektet har ei kostnadsramme på 2,5 mill. basert på deltaking frå 7 kommunar. Finansieringa vert eit spleiselag mellom kommunane og fylkeskommunane. Vert dei tre øykommunane med så vert kostnaden slik:

Kommune	2018	2019	2020	2021	2022	Sum
Herøy	11 000	10 000	10 000	10 000	10 000	51 000
Ulstein	17 000	12 000	12 000	12 000	12 000	65 000
Hareid	24 000	20 000	20 000	20 000	20 000	104 000

I tillegg kjem det ein kostnad for å leggje til rette for merkinga. Det handlar mellom anna om tilrettelegging av føringsplassar der dyra vert bedøva og merka.

### **Vurdering og konklusjon:**

Det har ikkje vore merka hjort med GPS i våre område tidlegare. Herøy kommune var med i eit merkeprosjekt i regi av Søre Sunnmøre Hjorteviltutval omkring 2008.

Den gongen vart hjorten merka med øymerke, men det vart aldri laga nokon sluttrapport frå arbeidet grunna uklar avtale med oppdragstakar.

Vi har mykje lokal kunnskap om hjorten si vandring og arealbruk på øyane. Kunnskapen er basert på konkrete observasjonar og det er bygd opp kunnskap over tid. Desse dataa ligg tilgjengeleg i <https://kart.naturbase.no> .

Vi vil likevel rå til at Herøy kommune vert med på GPS merkinga da det vil gi oppdatert og god faktakunnskap for eit stort geografisk området. Det er ikkje gitt kva tal dyr som vert merka i Herøy, men ut frå utrekninga i prosjektskildringa bør det verte om lag 2 dyr. Erfaringane frå andre merkeprosjekt er at prosjekta i seg sjølv er med på og auke engasjementet rundt forvaltinga av hjorten. I tillegg kan den vere med på å avlive myter og vinne ny kunnskap.

Fosnavåg, 21.12.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Anne Kathrine Løberg  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Anne Kathrine Løberg

## Prosjektbeskrivelse

### «VestHjort» - Et merkeprosjekt for hjort på Søre Sunnmøre og i Nordfjord

Oppdatert 18.04.2018

#### Om prosjektbeskrivelsen

Denne prosjektbeskrivelsen inneholder en beskrivelse av et merkeprosjekt for hjort i flere kommuner på Søre-Sunnmøre og i Nordfjord region. Initiativet til prosjektet kommer fra ildsjeler fra sørsida av Voldafjorden. Målet er å inkludere interesserte kommuner fra området for å kunne gi et relevant omfang på prosjektet og videre er målet å kunne starte opp prosjektet fra januar 2019. 2018 er et «forprosjektår» hvor deltakere (ulike kommuner) vil måtte ta stilling til sin deltakelse i prosjektet og økonomiske bidra, samt at organisering, omfang og finansiering blir avklart i størst mulig grad.

#### Bakgrunn for prosjektet

I løpet av de siste 30 årene har vi opplevd en flerdobling av hjortebestanden i Norge, og den samme utviklingen har vi sett på Søre-Sunnmøre og Nordfjord. I takt med dette har vi økt kunnskapen om hjorten på mange områder, men samtidig er det fortsatt mange uløste spørsmål og det har dukket opp nye problemstillinger med økt bestandstetthet. Dagens bestandstettheter av hjort og krav om mer presis forvaltning har skapt nye kunnskapsbehov, ikke minst på lokalt og regionalt nivå. Strategi for forvaltning av hjortevilt, DN-rapport 8-2009, trekker opp viktige linjer for hjorteviltforvaltningen, og beskriver aktører som er sentrale i arbeidet med forvaltningen. Strategien fokuserer på tre hovedgrep: 1. Den gode samfunnsdialogen, 2. De dyktige aktørene og 3. Styrket økonomi og forutsigbarhet og det oppfordres til prosjekter som bidrar til å fylle denne strategien lokalt.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt (hjorteviltforskriften) gir kommunene mulighet til å være en synlig og aktiv aktør i forvaltningen av elg, hjort og rådyr i sitt område. De har en viktig rolle i samfunnsdialogen, eksempelvis gjennom utarbeidelse av kommunale mål. Jaktrettshaverne har ansvaret for organisering og tilrettelegging av jaktutøvelsen. De har også et betydelig ansvar for bestandsplanleggingen gjennom utarbeidelse og gjennomføring av avskytingsplaner, og ikke minst koordinering med tilgrensende vald. De seinere års forskning på hjortevilt har bidratt til økt kunnskap, spesielt om hjorteviltets arealbruk. Dette gir et godt grunnlag for bestandsplanlegging og organisering av jaktområder. Dyras bruk av store arealer krever i mange tilfeller samarbeid over kommune- og eiendomsgrenser for å oppnå en vellykket hjorteviltforvaltning. I tillegg er det viktig med en god dialog med andre samfunnsaktører.

Med flere oppgaver og utvidet myndighet i forvaltningen lokalt, har interessen og etterspørselen av mer detaljert kunnskap om lokale og regionale hjortebestander økt. I første rekke gjelder dette kunnskap omkring hjortens trekk og vandring, men i økende grad også på problemstillinger som har en mer generell interesse. Dette kan være spørsmål om hjortens habitat og arealbruk, bestandsutvikling og utvikling i hjortens næringsgrunnlag. Fylkeskommunen, har i samme forskrift fått en viktig rolle som tilrettelegger, faglig rådgiver og koordinator for å bygge opp den faglige kompetansen på lokalt og regionalt nivå. Dette betyr at den regionale leddet også har et stort behov for mer detaljert, nyansert og konkret kunnskap om lokale og regionale hjortebestander.

Det er behov for økt kunnskap om hjortens trekk og arealbruk og integrering av slik kunnskap i forvaltningen på både lokalt og regionalt hold, fordi det ligger til grunn i hjorteviltforvaltningen at man skal ha ei bestandsretta forvaltning, dvs. at man skal forsøke å forvalte en "avgrensa" bestand som en helhet. Dette skal som hovedregel skje en forvaltning basert på planer som utarbeides lokalt og som legger både kunnskap om hjortens biologi og levesett og lokale forhold og premisser til grunn. Variasjon og endringer naturforholdene og at forholdene for hjorten endres med dette aktualiserer økt kunnskap om hjortens arealbruk.



En økende hjortebestand fører også til flere samfunnsmessige konsekvenser knytta til blant annet trafikkpåkørsler og beiteskader på skog og innmark. Disse spørsmålene utgjør en utfordring for viltforvaltningen, men også andre aktører som lokale- og regionale vegmyndigheter og landbruk/skogbrukssektoren.

Dette prosjektet ønsker å kunne besvare flere viktige spørsmål om hjortens arealbruk, som ansees som viktig kunnskap for den lokale hjorteforvaltningen i åra framover. Som et viktig ledd i for å skaffe denne kunnskapen ønsker vi å radiomerke hjort med GPS halsbånd. Kunnskapen om hjortens arealbruk har økt betydelig i løpet av de ti siste årene gjennom flere merkeprosjekter, blant anna gjennom Hjortmerk - prosjektet (som kommunene på Nordmøre og noen i Romsdal var involvert i), Sunnhjort - prosjektet (Sykkylven, Stranda og Norddal kommuner) og merkeprosjektet i Sogn og Sunnfjord. Det mangler imidlertid gode data og kunnskap fra kommunene på Søre Sunnmøre og Nordfjord. Denne regionen er en viktig hjorteregion og det ble i 2017 felt omlag 3700 hjort. Dette prosjektet vil være viktig for å øke kunnskapen i denne regionen.

Prosjektet er initiert av kommunene i regionen og vil være et i samarbeid mel NIBIO, kommunene og Fylkeskommunen i Møre og Romsdal og i Sogn & Fjordane. NIBIO vil stå for prosjektledelsen og vil være prosjekteier, men vil bli utført i nært samarbeid med kommunene (se lengre ned for organisering av prosjektet). Dette vil sikre en faglig innflytelse på utforming og gjennomføring av prosjektet, samtidig sikrer man mer bruk av materialet som innsamles. Grunneiere, vald og lokale resurspersoner vil også være viktige for prosjektet i forhold til praktisk tilrettelegging og registreringer på forskjellig vis og de vil bli viktige brukere av kunnskap fra prosjektet.

Prosjektperiode er planlagt til å være 2019-2022.

## Mål og problemstillinger

### Prosjektets formål er å:

Utvikle kunnskap om hjortens arealbruk på Søre Sunnmøre og i Nordfjord som grunnlag for forvaltningen i regionen.

Formålet har sitt utgangspunkt i behov og ønske om økt kunnskap om hjortens arealbruk og dette søkes å oppnå gjennom et felles merkeprosjekt for flere kommuner på Søre Sunnmøre og i Nordfjord. Denne kunnskapen vil kunne danne grunnlag for ei målretta hjorteforvaltning, og ei bærekraftig utnytting av hjorten som ressurs i framtida. Gjennom merking av dyr med GPS halsbånd vil man være i stand til å kunne svare på mange spørsmål om til hjortens arealbruk i løpet av året.

Formålet vil kunne fylles gjennom de ulike delmålene som er beskrevet nedenfor.

### Delmål for prosjektet:

#### 1. Hjortens trekkstrategi

I de fleste hjorteviltbestander finner man individer som trekker mellom et eller flere leveområder i løpet av året. Men i de samme bestandene finner man også stasjonære dyr som mer eller mindre holder i samme område hele året. Denne «miksen» av trekkdyr og stasjonære dyr som har vinteropphold i de samme områdene, er en utfordring for forvaltningen ikke minst på lokalt hold. Gjennom prosjektet ønsker man derfor å:

- a. Utvikle kunnskap om fordelingen mellom trekkdyr og stasjonære dyr for begge kjønn i regionen, og
- b. Finne hvilke faktorer som eventuelt påvirker denne fordelingen.

#### 2. Hjortens trekkruiter og sesongstrekk

Både i forhold til forvaltningen av hjorten og de arealene den benytter, er kunnskap om trekkveier og trekkmønster viktig for ei langsiktig og bærekraftig forvaltning av arealene i framtida. Likedan er kunnskap om avstanden mellom vinter- og sommerleveområder viktig informasjon. Tidligere merkeprosjekter i andre deler av landet har avslørt en betydelig variasjon i trekkdistanser og at det er forskjeller mellom kjønn. Tidspunktet når trekket skjer, spesielt om høsten er også viktig kunnskap for forvaltningen. Tidspunkt for høsttrekket og dermed fordelingen av hjorten i jakttida kan gi viktig informasjon for både jaktutøvelse, eventuell skadebelastning og fordeling av kvoter innad i valdene og mellom valda. Kunnskapen vil også være relevant for trafikkpåkørsler og særlig viktige trekkveier for hjorten og tiltak i den forbindelse. Prosjektet har som mål å:

- a. Kartlegge viktige trekkveier i regionen,
- b. Finne fordeling av trekkdistanser dvs. avstanden mellom vinter- og sommerområder for begge kjønn i bestanden.
- c. Finne tidspunkt og fordeling av tidspunkt for vår- og høsttrekket.

#### 3. Hjortens leveområder

Hjortens arealbruk i løpet av året påvirkes sannsynligvis av mange forskjellige faktorer. Innenfor studieområdet er det stor variasjon i vegetasjonssammensetning, topografi og tilgjengelighet av ulike naturtyper (som innbefatter både fjell, skogs- og innmarksarealer) og klimaforhold. Størrelsen på leveområdene er selvsagt avhengig av trekkstrategi, men også en rekke andre faktorer som topografi og bestandstetthet. Prosjektet har som mål å:

- a. Finne størrelsen av leveområdene for begge kjønn på årsbasis og gjennom de ulike sesongene (vinter, sommer og høst), og fordelingen av størrelsen mellom individene.
- b. Analysere hjortens bruk av ulike arealkategorier i løpet av året.

#### 4. Lokal forvaltning og hjortens arealbruk

Det ligger til grunn i hjorteforvaltningen at man skal ha ei bestandsretta forvaltning, dvs. at man skal forsøke å forvalte en "avgrensa" bestand som en helhet. Et viktig spørsmål er om dagens forvaltning er tilpassa hjortens arealbruk. Gjennom analyser av hjortens arealbruk vil man kunne avdekke bestandsmessige arronderinger i regionen, og hvilke faktorer som påvirker hjortebestandenes fordeling i landskapet. Dette vil kunne ha betydning for arrondering av vald og bestandsplanområder både innad og på tvers av kommunene. Prosjektet har som mål å:

- a. Utarbeide et grunnlag for ei bestandsretta forvaltning av hjort i regionen.

- b. Synliggjøre hvor store områder man bør se i sammenheng for å kunne forvalte bestander som en helhet.

## **Studieområde**

Studieområdet dekker ca. 2100 km<sup>2</sup> tellende hjortearreal og omfatter kommunene Ørsta, Volda og Vanylven i Møre og Romsdal og Selje, Eid, Gloppen og Hornindal i Sogn og Fjordane.

## **Materiale og metoder**

Hovedsatsningen blir merking av hjort med GPS halsbånd ved utvalgte lokaliteter i deltakerkommunene.

### **Merking av dyr**

Merking vil skje med moderne GPS halsbånd med VHF frekvenser i tillegg som festes som halsbånd til dyra. GPS halsbåndene er utstyrt med GSM teknologi eller satellittkommunikasjon for registrering av posisjoner til dyra. Man har da mulighet til en kontinuerlig oppfølging av dyra hele året og sikring av data underveis i prosjektet.

Hjort av begge kjønn vil bli merka og vil bli fulgt opp kontinuerlig etter merking gjennom at disse sender fra seg posisjonsdata via sms inn til NIBIO's serversystem. I tillegg vil det bli lagt opp til oppfølging av dyra for eksempel sjekking av kalvestatus for voksne hunndyr. Registreringene vil bli lagt inn i en database, som både er viktig både pedagogisk (man har muligheter til rask tilbakemelding og publisering) og faglig (fordi datamateriale sikres underveis). Data fra felte GPS dyr (blant annet GPS halsbånd, kjeve og slaktevekt) vil bli innsamla i samarbeid med rettighetshaverne og kommunene.

Merking av hjort vil foregå i alle kommunene som er involvert i prosjektet, på aktuelle steder hvor hjorten har vintertilhold. Innfangning og merking av dyr skjer ved immobilisering i løpet av vintersesongen (jan-apr). NIBIO vil sørge for de nødvendige tillatelsene som kreves fra Miljødirektoratet, Mattilsynet og Post- og teletilsynet og ha ansvaret opp mot myndighetene.

I løpet av prosjektet er målet å kunne merke til sammen 60 hjort. Merking vil i all hovedsak måtte skje på foringsplasser. Dette må det søkes dispensasjon til fra Mattilsynet på grunn av det innførte foringsforbudet (regulert gjennom den såkalte «CWD forskriften»), i tillegg til de ordinære tillatelsene fra Mattilsynet om bruk av forsøksdyr og Miljødirektoratet vedrørende innfangning av vilt. På merkeplassene vil det være nødvendig med fôring og tilvenning av dyra slik at merking kan gjennomføres på best mulig måte. Dette vil skje i samarbeid med grunneiere og kommunene i prosjektet.

### **Andre typer datainnsamling**

I forbindelse med merking av dyr registreres det blant annet kroppsvekt, størrelse og alder på dyra. Det tas også prøver til mulighet for genetiske analyser og for parasittundersøkelser. Det vil også bli tatt blodprøver av alle dyr for undersøkelser av helsetilstand og ulike sykdommer for hjorten. Blodprøvene blir tatt vare på av Veterinærinstituttet gjennom Helseovervåkningsprosjektet for hjortevilt (HOP), hvor prøvene vil ligge tilgjengelig for videre analyser og undersøkelser. Det vil også bli registrert og innsamlet data og materiale hvis merka dyr blir felt i forbindelse med jakt eller at de dør av andre årsaker.

## **Organisering av prosjektet**

Prosjektansvarlig organisasjon og prosjektledelse ligger hos NIBIO Tingvoll, med forsker Erling L. Meisingset som prosjektleder. I prosjektet vil det bli etablert ei styringsgruppe sammensatt av representanter for kommunene/fylkeskommunene i prosjektet. Styringsgruppa vil få det overordna ansvaret for prosjektet og skal sørge for nødvendig finansiering og overordna prioriteringer. Styringsdokumentet er prosjektbeskrivelsen.

Kommunene som er involvert i prosjektet har også et lokalt ansvar for ulike sider av prosjektet bl.a. på den praktiske siden. Ved starten av prosjekt er følgende kommuner involvert: xxxx.

Det er også viktig å understreke at en rekke rettighetshavere vil være direkte involvert i prosjektet på ulike nivå, bl.a. innsamling av datamateriale, overvåkning av forings- og merkeplasser og annet praktisk arbeid knytta til prosjektet. Kommunene er også viktige partnere i forhold tilrettelegging, kommunikasjon og organisering av ulike typer arbeid i prosjektet.

## Resultat og anvendelse i den lokale forvaltningen

Prosjektet vil kunne bidra med ny kunnskap og data som vil være viktig for flere aktører i norsk hjorteviltforvaltning, både på lokalt-, regionalt- og mer generelt på nasjonalt nivå. Konkrete resultat vil være til nytte i den lokale regionen, direkte til utvikling av hjorten som næringsgrunnlag for grunneiere og de mer generelle trekkene ved resultatene også for andre regioner i Norge.

Målgrupper (brukere) av resultatene er:

1. Lokale, regionale og nasjonale forvaltningsaktører.
2. Lokale vald og bestandsplanområder, og andre organisasjoner for rettighetshavere.
3. Rådgivere og andre kunnskapsformidlere knytta til hjorteforvaltningen.
4. Etater og institusjoner som kan være brukere av ulike deler av kunnskapen fra prosjektet.

## Strategier i prosjektet

For at prosjektet skal bli mest mulig vellykket og man skal få mest mulig ut av innsatsen som legges ned i prosjektet, så vil følgende bærende strategier legges til grunn i prosjektet:

- Kombinere faglige problemstillinger med forvaltningsmessige aspekter.
- Kommunene som deltar i prosjektet skal ha utbytte som står i stil med innsatsen.
- Samarbeid med rettighetshavere og lokale vald/bestandsplanområder.
- Samarbeid med andre fagmiljøer.
- Åpenhet og informasjon.

Vi ser det som viktig at faglige og forvaltningsmessige problemstillinger kan gå "hånd i hånd" og at prosjektet på denne måten utnytter både ressursene og forsøksdyra i prosjektet på den beste og mest effektive måten. I tillegg bør kommunenes og rettighetshavernes innsats inn i prosjektet også gi fornuftig og relevant uttelling for den enkelte kommune, noe som er viktig for den lokale forankringen i prosjektet og den frivillige innsatsen som blir utført rundt om i kommunene. De lokale miljøene er viktige samarbeidspartner på den praktiske siden av prosjektet. De er videre viktige partnere for å utvikle relevant kunnskap for den lokale forvaltningen og for å gjøre kunnskapen tilgjengelig for en bærekraftig ressursutnytting av hjorten.

Det er viktig å understreke at prosjektet og NIBIO vil samarbeide med andre relevante fagmiljø og med andre prosjekter (eks relevante forskningsprosjekter som NIBIO og andre fagmiljø gjennomførere) i Norge både gjennom erfaringsutveksling og resultatutvikling.

## Publisering og markedsføring av prosjektet

En annen vektlagt strategi i prosjektet er formidling og informasjon til alle brukere av informasjon og kunnskap fra prosjektet. Aktuelt stoff vil kontinuerlig oppdateres og være tilgjengelig for både involverte kommuner, rettighetshavere og andre interesserte gjennom nettsiden [www.hjortmerk.no](http://www.hjortmerk.no) og på facebook (Hjort og hjortemerking NIBIO). På nettsidene er det tilrettelagt en egen kartmodul med som viser GPS dyras posisjonsdata og bevegelser til terrenget ("Hjortegis" - [webgis.no/hjortegis](http://webgis.no/hjortegis)), slik at «alle» kan følge dyra og at dette kartet blir oppdatert daglig med nye posisjoner. Man legger vekt på en god informasjon om aktuelt stoff og resultater som kommer fra prosjektet. Det er viktig å understreke at datamateriale som prosjektet skaffer til veie vil være tilgjengelig for de aktuelle kommunene.

En sluttrapport vil bli utarbeidet når prosjektet avsluttes.

## Finansiering og budsjett (Foreløpig)

Finansieringen i prosjektet er lagt opp etter et mål å merke 60 dyr med GPS halsbånd i løpet av 3 felt/merkesesonger. Beregna kostnader er satt opp til 2,51 mill. over 5 år. Kostnadsbudsjettet varierer fra kr 415 000,- til kr 580 000,- pr år (se også detaljert oversikt over beregna inntekter og utgifter).

I hovedsak vil prosjektet finansieres av kommunale midler (viltfondsmidler) fra de deltagende kommunene. I tillegg vil det bli sendt årlige søknader til Møre og Romsdal og Sogn & Fjordane fylkeskommune hvert år. I samarbeid med kommunene vil prosjektet søke midler fra Statens Vegvesen for eksempel å kunne å analysere risikoområder for påkjørsler basert på GPS data fra prosjektet og påkjørsels statistikk i kommunene (disse eventuelle inntektene er ikke budsjettet pr dato). Det er satt opp en inntektsplan som også er på kr 2,51 mill, og som varierer fra kr 610 000,- til kr 475 000,- pr år. Bevilgningen fra hver enkelt kommune er beregnet og fordelt etter antall felte hjort på kommunenivå (beregnet etter antall felte hjort de fire siste åra).

I tillegg til dette budsjettet vil det være en betydelig egeninnsats både fra kommunene og grunneiere/andre ressurspersoner. Dette gjelder blant anna oppfølging av merkeplasser, foring og for, og anna praktisk tilrettelegging og arbeid. Verdien av dette arbeidet og de innsatsmidlene (silofor, etc) er ikke beregna i budsjettet, men er estimert til om lag kr 100 000,- pr år.

Det er også viktig å merke seg at ubrukte midler ett år i sin helhet blir overført til prosjektet neste år.

Ved reduserte bevilgninger ift oppsatt finansieringsplan vil aktiviteten måtte justeres. Disse tilpasningene og prioriteringene gjøres av kommunene i samarbeid med NIBIO.

### *Forslag til finansieringsplan for hele prosjektperioden.*

#### INNTEKTER:

Hvem	2018	2019	2020	2021	2022	Sum
Volda kommune	80 000	50 000	50 000	50 000	50 000	280 000
Ørsta kommune	180 000	90 000	90 000	90 000	90 000	540 000
Vanylven kommune	80 000	50 000	50 000	50 000	50 000	280 000
Selje kommune	20 000	15 000	15 000	15 000	15 000	80 000
Eid kommune	95 000	55 000	55 000	55 000	55 000	315 000
Gloppen kommune	110 000	70 000	70 000	70 000	70 000	390 000
Hornindal kommune	45 000	20 000	20 000	20 000	20 000	125 000
Viltfondet Møre og Romsdal Fylke	0	75 000	75 000	75 000	75 000	300 000
Viltfondet Sogn og Fjordane Fylke	0	50 000	50 000	50 000	50 000	200 000
Andre						0
<b>Sum Inntekter</b>	<b>610 000</b>	<b>475 000</b>	<b>475 000</b>	<b>475 000</b>	<b>475 000</b>	<b>2 510 000</b>

### *Budsjetterte utgifter fordelt etter poster og år for hele prosjektperioden.*

#### UTGIFTER

Hva	2014	2015	2016	2017	2018	Sum
Lønnsmidler inkl alle utgifter	50 000	360 000	360 000	360 000	370 000	1 500 000
Reisekostnader	5 000	30 000	30 000	30 000	20 000	115 000
Utstyrskostnader	500 000	50 000	100 000	50 000	0	700 000
Driftskostnader	25 000	55 000	55 000	35 000	25 000	195 000
<b>Sum Utgifter</b>	<b>580 000</b>	<b>495 000</b>	<b>545 000</b>	<b>475 000</b>	<b>415 000</b>	<b>2 510 000</b>
<b>Resultat</b>	<b>30 000</b>	<b>-20 000</b>	<b>-70 000</b>	<b>0</b>	<b>60 000</b>	<b>0</b>
<b>Akkumulert resultat</b>		<b>10 000</b>	<b>-60 000</b>	<b>-60 000</b>	<b>0</b>	

## MØTEREFERAT

<b>SAK</b>	<b>GPS merking av hjort på Søre Sunnmøre og Sunnfjord, «VESTHJORT»</b>
<b>STAD</b>	<b>Volda Rådhus</b>
<b>TID</b>	<b>22 nov 2018 kl 1300 til 1510</b>
<b>TILSTADES</b>	NIBIO (Norsk Institutt for Bioøkonomi) ved forskar Erling Meisingset og Øystein Brekkum Volda Kommune ved Peder Magnussen Gloppen Kommune ved Lindis Bergland Hornindal Kommune ved Jan Endre Nesdal Vanylven Kommune ved Terje Kolstad Herøy/Ulstein/ Hareid ved Knut Tandberg Ytre Dalsfjord Utmarkslag ved Robert Welsvik

### BAKGRUNN

Erling gav ei kort oppsummering av bakgrunnen for merkeprosjektet, og konkluderte at det er svært lite data tilgjengeleg om beite og vandringsmønstra til hjorten på Sunnmøre og nordre delar av Sogn og Fjordane. Det er naudsynt å ha denne kunnskapen for å forvalte hjortestamma korrekt, og det er naudsynt etter føre var prinsippet å vite meir om vandringane til hjorten med tanke på den uventa og uvelkomne skrantesjuka (CDW).

Det vart stadfest at kommunane Volda, Ørsta, Vanylven, Gloppen, Eid og Hornindal har administrativ og politisk godkjenning for prosjektet, samt at Herøy/Ulstein/Hareid skal handsame saka seinast i januar.

### Agenda:

1. Presentasjon av prosjektets mål, omfang etc
2. Økonomi
3. Oppstart av prosjektet – bør dette utsettes ett år pga for-situasjonen
4. Praktiske ting om foring og merking av hjort
5. Eventuelt

## 1. Presentasjon av prosjektets mål, omfang etc

Prosjektleder er Erling Meisingset med assistanse av Øystein Brekkum. Det er hittil merka ca 800 hjortar med GPS i landet. Fyrste i 2002 og nytteverdien har vore stor og gjeve ny innsikt i sesongmessige og aldersmessige vandringar. Dette prosjektet har som mål å merke minimum 60 hjortar, fleire om økonomien tillèt. Talet er lite i forhold til dei ca 3700 hjortar som vert felt årleg i regionen, men nytteverdien er likevel venta å verte stor.

Det er anbefalt å etablere ei styringsgruppe som møter ein gong om året, og med to representantar frå kvar kommune, der ein av dei er frå kommuneadministrasjonen.

## 2. Økonomi

Heile prosjektet har ei budsjettert totalramme på 2 510 000 kroner over 5 år. Eit nytt GPS merkeband med sendar til GSM-nettet kostar ca 23.000 kr, batteriet ca 5.000 kr. Det er tilgang til ca 10 brukte sendarar i dag, det kjem 10-15 fleire i januar 2019, og enno ca 20 stk i jan 2020. (Frå prosjekta Sørhjort og Sunnhjort).

Kvart dyr kostar 3.000 til 4.000 kr i medisinske preparat relatert til bedøving og oppvakning.

Ved sidan av midlar frå kommunane, vil det verte søkt finansiering frå regionale viltfondsmiddel, desse vert koordinerte av Fylkesmannen, og søknadar må være inne før 15. januar kvart år, med normal tildeling i april/mai. Beløpa ligg på gjennomsnittleg 70.000 kr pr år pr fylke. I vårt tilfelle lyt ein søkje både hjå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Miljødirektoratet og Forskningsrådet kan og tenkjast å ville delta med økonomisk støtte. Nibio vil og støtte prosjektet med 30.000 kr pr år.

(Til orientering; frå tidlegare møte vart det opplyst at det er og mogleg å få støtte frå Vegvesenet, desse får då tilgang til data for spesielt utsette strekningar der hjort kryssar vegar.)

Det er mogleg å kjøpe ekstra merking utanom foreslått budsjett, finansiering av dette kan kome frå jaktfelt, storvald, private og firma. Meisingset vil foreslå ca pris for slik kostnad pr dyr.

## 3. Oppstart av prosjektet – bør dette utsettes ett år pga for-situasjonen ?

Det vart diskutert å avvente oppstart av prosjektet til jan 2020, dette har si årsak i fylgjande:

- a. Det er formangel i regionen grunna den turre sumaren.
- b. Det kjem fleire brukte GPS band tilgjengeleg i januar 2019 og januar 2020.
- c. Internettportalen hjå NIBIO skal oppgraderast til vinteren, slik at brukargrensesnittet vert betre.
- d. Herøy/Ulstein/Hareid har ikkje fått handsama saka enno.

Meisingset lagar eit forslag for sirkulering til kommunane.

#### **4. Praktiske ting om foring og merking av hjort**

Kvar hjort vil bære GPS i ca 2 år, og data vert lagra kvar time samt sendt via GSM nettet eller satellitt til NIBIO og lagt ut på nettet med 5 timar forseinking, i tillegg vert det teke fleire prøver og mål av hjorten. Sjå vedlagde Protokoll. Merkinga vil foregå i perioden Nyttår til Påske. Seinare på året vert risikoen for dyret for stor. Det skjer likevel at dyr dør, då som regel av sirkulasjonssvikt. For å unngå dette passar ein på temperaturen og gir tilførsel av medisinsk oksygen.

NIBIO søker om alle naudsynte løyve som trengs, og rapporterer til rette mynde.

Det er å anbefale at kommunane planlegg gode fôringsplassar, desse bør ligge til veg og gardar med vinterbeiteområder for hjorten.

Det bør nyttast fôringsplassar med fast kunstig lys i nærleiken av folk, dette då dyra vert mindre uroa av forskarteamet, og ein lyt sjå om bedøvingspila treff, og kvar dyret spring. Dei kan ofte springe 50-100 m, difor bør det være opne område rundt fôringsplassen. Ideell avstand for skyting med pil er 10 til 20 m. Det er viktig å ha fleire fôringsplassar i kvart vald, slik at merketeamet innanfor ein forholdsvis liten radius kan ha tilgang til fleire dyr å merke kvar kveld. Dette får ned kostnadane, og gjer at ein kan merke fleire dyr.

Spissbukkar vert ikkje merkt, då halsen veks for mykje fyrste året, men 2.5 år og eldre bukkar vert merkt.

#### **5. Eventuelt**


Sjå elles meir info her: <http://hjortmerk.no/index.html>, eller på Facebook ved å søke på hjort og hjortemerking, NIBIO

Referent for Ytre Dalsfjord Utmarkslag

Robert Welsvik

Tlf 91374813





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Avdeling landbruk

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2018/1854
		Arkiv:	

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/19	Nemnd for vilt, fiske og friluft.	17.01.2019

### FORSKRIFT OM TIDLEG JAKTSTART PÅ GRÅGÅS

#### Tilråding:

Nemnd for vilt, fiske og friluft tek saka til vitande.

Særutskrift:

Sakshandsamar

### **Samandrag av saka:**

Den tidsavgrensa forvaltingsplanen for grågås for Sande, Herøy, Ulstein og Hareid gjekk ut i 2015. Siste åra har Fylkesmannen gitt løyve til lenging av planen for eitt år av gongen. Tiltaket reduksjonsfelling, som det ligg heimel til i planen, kan ikkje lenger nyttast. Nemnda vert beden om å vurdere innføring av tidlegjakt. Tiltaket er eit av alternativa til reduksjonsfelling.

### **Saksopplysningar:**

*Forvaltingsplan for grågås for kommunane Sande, Herøy, Ulstein og Hareid 2011 – 2015* vart vedteke av Fylkesmannen den 18.04.2011. Etter at planperioden gjekk ut har Fylkesmannen lenga planen kvart år, men berre for eit år av gongen.

Forvaltingsplanen er eit samarbeider mellom landbruksavdelinga i Herøy, landbrukskontoret i Sande og tidlegare miljørettleiar i Ulstein, Alv Ottar Folkestad. Av ulike årsaker har arbeidet med evalueringa av utgåtte plan, og arbeidet med ny plan, stoppa opp. I haust kontakta vi Astrid Buset hos Fylkesmannen for å få rettleiing i forhold til det vidare arbeidet. Ho kunne opplyse om at «metoden» reduksjonsfelling innafor serskild definerte tiltaksområder ikkje kan nyttast lengre.

### **Vurdering og konklusjon:**

Alternativa våre vert da:

1. Ein forvaltingsplan der hensikta er eggplukking ut over ordinær sesong. Fylkesmannen gir løyve og godkjenner lokal forskrift.
2. Ein forvaltingsplan der hensikta er tidlegjakt (maks 14 dagar tidlegare) med stadfestingar og avgrensingar. Fylkesmannen gir løyve og godkjenner lokal forskrift.
3. Ordinære fellingsløyve med heimel i skadefellingsforskrifta.

Vår forvaltingsplan la opp til både eggplukking, ut over ordinær sesong, og reduksjonsfelling. Frå Miljødirektoratet er det no eit ynskje/krav om at reduksjonsfelling fasast ut. Det går fram av *Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseasongenen frå med med 1. april 2017 til og med 31. mars 2022* at «*En forutsetning for å forskriftsfeste tidligere jaktstart er at det ikkje drives utstrakt skadefelling av grågås i vårsesongen.*»

Våre alternative val:

1. Vi kan kutte ut grågåsplanen viss vi ikkje skal ha eggplukking ut over ordinær sesong.
2. Vi kan halde fram med å gi skadefellingsløyve (der det er påvist økonomisk skade).
3. Vi kan ikkje halde fram med å gi løyve til reduksjonsfelling.
4. Vi kan lage ein ny forvaltingsplan som gir grunnlag for tidleg jakt og eventuelt også lengre sesong for eggplukking.

Det har ikkje vore plukking av grågåsegg i tiltaksområdet siste åra verken i ordinær eller utvida sesong. Ein forvaltingsplan berre for eggplukking ut over ordinær sesong ser vi ikkje hensikta med.

Arbeidet med utgreiing av effekten av tidlegjakt er omfattande. Innføring av tidlegjakt krev heimel i forskrift og bak forskrifta må det og ligge føre ein ny/ revidert forvaltingsplan.

Vi rår at det i fyrste omgang vert lagt arbeid i og drøfte effekten av tidleg jaktstart før vi eventuelt går i gang med og utarbeide ny/ revidert forvaltingsplan.

Fosnavåg, 21.12.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Anne Kathrine Løberg  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Anne Kathrine Løberg



Avdeling landbruk

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2018/349
		Arkiv:	K46

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/19	Nemnd for vilt, fiske og friluft.	17.01.2019

### STATUS FOR NYE UNDERSKRIFT I YTRE HERØY HJORTEVILTOMRÅDE

#### Tilråding:

Nemnd for vilt, fiske og friluft vedtek at siste frist for levering av oppdaterte underskrifter frå Ytre Herøy Hjorteviltområdet er innan den 01.05.2019.

Underskriftene gjeld søknaden om godkjenning av vald/ endring av vald for Ytre Herøy Hjorteviltområde.

Særutskrift:

Sakshandsamar

### **Samandrag av saka:**

I 2015 vart hjortevaldet Ytre Herøy Hjorteviltområdet beden om å søkje om godkjenning av valdet på nytt da det var stor manglar ved dokumentasjonen av underskriftene frå jaktrettshavarane i valdet. Landbrukskontoret arrangerte møte med styret i valdet og orienteringsmøte for alle jaktleiarane. Det vart utarbeidd søknadsskjema og kart for kvart jaktfelt som vart sendt ut elektronisk til alle jaktleiarane.

Den fyrste felles informasjonen vart sendt ut i juni 2017 med beskjed om å levere søknad med underskrifter innan 01.12.2017. Arbeidet har vore svært krevjande og det er fortsatt jaktfelt som ikkje har levert inn underskrifter.

Status nye underskrifter per jaktfelt i hjortevaldet Ytre Herøy hjorteviltområde:

<b>Gårdsnr</b>	<b>Jaktfelt</b>	<b>Dato</b>
2 og 3	Kopperstad	17.01.2018
4 og 5	Kvalsund/ Teige	Ikkje levert
6, 7 og 8	Kvalsvik/ Nerland	03.09.2018
9	Runde	Ikkje levert
12	Remøy	Ikkje levert
13 og 26	Voldsund og Ytre Leine	10.01.2018
14	Sande	01.01.2018
15 og 16	Bø	Ikkje levert
17 og 24	Torvik og Nærøy	19.09.2018
18, 19, 20 og 21	Frøystad/ Røyra	Ikkje levert
22, 23, 24, 27, 28, 29 og 30	Straumane	01.06.2018
25	Leine	Ikkje levert
34 og 37	Myklebust	Ikkje levert
35 og 36	Igesund og Vike	13.12.2018

### **Saksopplysningar:**

Søknad om godkjenning av hjortevald krev underskrifter av alle jaktrettshavarane i valdet. Viss det er manglar ved underskriftene kan kommunen krevje søknad om godkjenning av vald på nytt.

Heimel for kravet følger *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*. § 11. *Godkjenning og endring av vald:*

*Kommunen skal behandle søknad om godkjenning av nye vald eller endringer i eksisterende vald for jakt på elg, hjort og rådyr innan 15. juni.*

*Jaktrettshaver som ønsker å trekke en eiendom ut av et godkjent eller omsøkt vald, skal melde dette skriftlig til valdansvarlig representant med kopi til kommunen senest 1. april. Utmelding krever underskrift fra den eller de som lovlig representerer eiendommen.*

*Dersom valdets grenser, eiendomsforhold eller tellende areal endres, skal valdansvarlig representant melde endringene skriftlig til kommunen innen 1. mai for ny godkjenning.*

*Kommunen kan til enhver tid trekke godkjenningen av hele eller deler av valdet tilbake og kreve at det fremmes ny søknad dersom rettighetsforhold som har betydning for godkjenningen av valdet er uklare. Kommunen kan også kreve at opplysningene som er gitt i søknaden bekreftes eller dokumenteres på nytt.*

### **Vurdering og konklusjon:**

Det har vorte arbeidd med og samle inn nye underskrifter i 1,5 år. Vi rår til at det vert sett ein endeleg frist til 01.05.2019. Da har valdsansvarleg rimeleg frist til å få alt på plass. Det er og rimeleg frist til å sende inn søknad om godkjenning av bestandsplan viss valdsansvarleg ynskjer det. Vi vil presise at det berre er jaktfelta med status «ikkje levert» i lista her som manglar i leveringa.

Fosnavåg, 21.12.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Anne Kathrine Løberg  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Anne Kathrine Løberg



Avdeling landbruk

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2018/1855
		Arkiv:	K46

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/19	Nemnd for vilt, fiske og friluft.	17.01.2019

### NY AVTALE OM ETTERSØKSHUND

#### Tilråding:

Nemnd for vilt, fiske og friluft opphevar avtalen om viltettersøk mellom Sigurd Nygard og Herøy kommune datert 31.01.2018.

Nemnd for vilt, fiske og friluft opphevar avtalen om reserve ved viltettersøk mellom Knut Tandberg og Herøy kommune datert 31.01.2018.

Nemnda gir leiar fullmakt til å skrive avtale med ny godkjent ettersøksekvipasje. Vilkår frå avtalane datert 31.01.2018 vert vidareført.

Særutskrift:  
Sakshandsamar

Vedlegg

1 Framlegg til avtale

**Samandrag av saka:**

Verken Sigurd Nygard eller Knut Tanberg er godkjente ettersøksekipasjar lengre. For å fylle avtalen med Herøy kommune har dei leigd inn ein godkjent ettersøksekipasje for å fylle kontrakten. Godkjende ekvipasjar er registrert i registeret til Norsk Kennelklubb.

**Saksopplysningar:**

Kommunen plikter å ta vare på skada vilt i samsvar med gjeldande lovverk. Herøy kommune har hatt avtaler med Herøy ettersøksring v/ Sigurd Nygard sida 2011. Kravet til kommunen om å ha slik avtale er heimla i viltlova.

**Vurdering og konklusjon:**

Vi rår til å halde fram med ei fast godtgjersla for beredskap og arbeid på kr. 15.000,- per år. Summen vi foreslår er basert på forbruket tidlegare år og kva som er prisnivået i nabokommunane. Vi rår til at nemnda sluttar seg til framlegget til ny ettersøksavtale slik det går fram av vedlegget. Det er praktisk at leiaren signere avtale med ny ekvipasje.

Fosnavåg, 21.12.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Anne Kathrine Løberg  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Anne Kathrine Løberg



# Avtale om viltettersøk for Herøy kommune

Avtalen gjelder mellom:


Herøy kommune og ettersøksjeger: \_\_\_\_\_

Avtalen gjelder ettersøk og eventuelt avliving av skadde og sjuke dyr, som inngår i den kommunale viltforvaltninga sitt ansvarsområde i Herøy kommune. I all hovudsak vil dette gjelde hjortevilt som blir påkjørt i trafikken. Dersom det oppstår oppdrag der ein er i tvil, bør dette avtalast med avdelingsleiar for landbruk i Herøy kommune.

1. Oppdrag om ettersøk kan koma frå oppdragsgivar, politi eller publikum. Ein må da foreta ei vurdering om dette er ei kommunal oppgåve, viser her til Rundskriv mars 2002, om «kommunal viltforvaltning», punkt 3 om skada vilt, fallvilt og liknande. Rundskriv punkt 3, ligger ved avtalen.
2. Eit oppdrag skal normalt avgrensas til 2 – 3 timer effektivt ettersøk. Det skal nyttas refleksvest under oppdrag for kommunen. Det setjas også krav om at vilkåra i Lov 28. desember 2009 om dyrevelferd vert teke i vare.
3. Denne avtala er sett opp i samsvar med rundskriv juni 2012, Kapittel 7 – Viltloven. Godkjeningsnummer på hunden skal oppgis om nødvendig. Det vil vere ein fordel med tilgang på fleire hundar. Godkjent hund skal tas med under alle oppdrag der det er påkjørt vilt som enno er i live.
4. Ved særlige omsyn, kan de som er engasjert av kommunen nytte kunstig lys for å sikre en rask og effektiv avliving av omsyn til dyrevern, gj f. rundskriv sep.2002, «Utøvelse av jakt og fangst» §27 siste ledd. Ettersøksjegere disponerer ein laserkikkert for montering på gevær. Kikerten er Herøy kommune sin eigedom.
5. Det skal førast rapportskjema over avgang av vilt til statistisk bruk. Dette skal leggst inn i hjorteviltregisteret fortløpande under fallvilt. Kommunen har eit ansvar for å sende oppgåva over fallvilt til SSB.
6. Godtgjersle for beredskap og utført arbeid blir utbetalt med kr. 15.000,- totalt pr. år, frå viltfondet i Herøy kommune til ettersøksjegeren . Døde hjortevilt er ein del av kompensasjonen for arbeidet, men den som utfører arbeidet får da også ansvaret for kjøttkvalitet.
7. De som utfører denne tenesta sender vaktliste til både politi og oppdragsgivar.
8. Dokumenterte utgifter til godkjent ettersøkshund, vil bli dekt til ein vis grad, når hunden er endeleg godkjent, dvs. når fase to er gjennomført. Tap av arbeidsforteneste blir ikkje dekt.
9. Avtalen gjelder frå \_\_\_\_\_ – til ein av partane seier opp avtalen. Avtalen kan seiast opp med 3 månaders varsel. For arbeidstilhøvet gjeld den teie- og lojalitetsplikt som følgjer av arbeidsavtalen og gjeldande lovgiving.

\_\_\_\_\_  
Dato / sign ettersøksjeger

\_\_\_\_\_  
Dato/ sign for Herøy kommune



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Avdeling landbruk

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2018/1853
		Arkiv:	

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/19	Nemnd for vilt, fiske og friluft.	17.01.2019

### MØTEPLAN FOR 2019

#### Tilråding:

Nemnd for Vilt, fiske og friluft i Herøy vedtek følgjande møteplan for 2019:

Torsdag 28.02

Torsdag 30.05

Torsdag 04.07

Møta startar kl. 17.00 og vert halde på landbrukskontoret.

Særutskrift:  
Sakshandsamar

**Samandrag av saka:**

Framlegg til møteplan er basert på tidsfristar i villøvsverket. Det er planlagt 4 møte i løpet av året. Møtedatoane er lagt slik at det ikkje skal vere for stor overlapp mellom kommunane i møtedatoar. Dette for å lette sakshandsaminga ved landbrukskontoret.

Fosnavåg, 21.12.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Anne Kathrine Løberg  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Anne Kathrine Løberg